

Helse Førde
LÆRDAL SJUKEHUS
Bustadstiftinga

SOGN OG FJØRDANE FYLKESKOMMUNE		
SENTRALADM. FYLKESHUSET		
ARKIVNR	DOK.NR	L.NR.
02/03419	009	008096/03
02 MAI 2003		
K.KODAR		
SAKSH.	AVD.	GRAD.
SMA	BYGG	
O.L.	F.L.	S.L.

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/fylkesrådmannen

6863 LEIKANGER

Sakshandsamar: Knut O. Aarethun tlf.dir.: 57 64 00 00 E.post: knut.o.aarethun@helse-forde.no

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
038	Arkivsnr.: 03/01100 L.nr: 004037/03		30.04.03

**OVERFØRING AV BUSTADER FRÅ FYLKESKOMMUNEN TIL
BUSTADSTIFTINGA VED LÆRDAL SJUKEHUS**

På styremøte i Bustadstiftinga den 29. april 2003 vart ovannemnde sak handsama som sak nr. 04/03 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:


”Styret for Bustadstiftinga søker fylkeskommunen om vederlagsfri overføring av eigedomane Sjukehusvegen 6, 11, 13, 19 og 21 og Ofta 3 og 4 i Lærdal.”

Vedlagt følgjer saksutgreiinga.

Ein ber fylkesrådmannen syte for at denne saka vert vidare handsama i fylkeskommunen sine organ snøggast råd.

I von om positiv handsaming.

Med helsing


Kåre Mentz Lysne
Styreleiar

Vedlegg

Postadresse: , 6887 LÆRDAL
Besøksadresse:
Bankgiro: 3838.07.60581

Telefon: 57 64 40 00 Telefaks: 57 64 00 01
Org.nr.: 983 974 732
E.post: postmottak.fshl@helse-forde.no

OVERFØRING AV BUSTADER FRÅ FYLKESKOMMUNEN TIL BUSTADSTIFTINGA VED LÆRDAL SJUKEHUS

Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus er oppretta av fylkeskommunen i kraft av fylkesutvalsvedtak i sak nr. 9 frå 1969. I same møte vart det og vedteke vedtekter for Bustadstifting.

Det er såleis heilt klårt at fylkeskommunen har følt eit ansvar for at sjukehuset har til rådvelde gjennom, Bustadstiftinga, som dei sjølv har skipa, nok husvære slik at sjukehuset skal kunne fungere på best mogleg måte for innbyggjarane i regionen

Det er også i dag svært viktig at fylkeskommunen gjennom si eiga oppretta bustadstifting medverkar til at Lærdal sjukehus kan fungere på best mogleg måte --også i kraft av nok bustader for å rekruttere og kunne behalde viktig personale ved sjukehuset.

Styret for Bustadstiftinga er kjent med pågåande forhandlingar mellom fylkeskommunen og Helse Førde om leigekontrakt – evt. sal av eigedomar ved sjukehuset og i Ofta området. Eigedomane dette gjeld er Sjukehusvegen 6, Sjukehusvegen 11, Sjukehusvegen 13, Sjukehusvegen 19, Sjukehusvegen 21, Ofta 3 og Ofta 4.

Alle desse husvære på omtala eigedomar er i si tid oppført med sikte på å sikra sjukehuset sin trong for bustader for tilsette ved sjukehuset.

På grunn av manglande vaktrom og kontorlokaler har sjukehusvegen 6 og Sjukehusvegen 11 dei siste åra vore brukt til dette føremålet, og er såleis å sjå på som ein del av sjukehuset si indre verksemd. På eigedomen Sjukehusvegen 13 står oppført eit eldre hus frå 1947 som nærmar seg kondemnerbar tilstand.

Fylkeskommunen i forhandlingar med Helse Førde, med bidrag frå Lærdal sjukehus og Bustadstiftinga, er vel kjend med omtale av dei andre eigedomane.

For ordens skuld vil ein likevel nemne at tomtane under eigedomane Sjukehusvegen 19, 21 og Ofta 3 og 4 er overdrege frå kommunen til Bustadstiftinga. Dette er gjort i medhald av Formannsskapsak nr 77/01 i Lærdal formannsskap.

Stiftinga har dei siste åra gjennomført salg av fleire bustader for å få økonomi til å ruste opp bustadmassen til dagens standard.

Stiftinga har, ved sida av inntekter ved salg av bustader, vorte auka låneramme med ca 1.5 mill. for å gjennomføre oppgradering av bustadmassen i Ofta.

Innanfor dagens og framtidens driftsprofil på sjukehuset er det ikkje aktuelt å avhenda fleire eigedomar.

Med dei driftsinntektene og utgiftene stiftinga ser føre seg dei næraste åra må ein vere svært varsam med å legge på seg meir vedlikehald enn det resten av bustadmassen har trong for.

Eigedomane som fylkeskommunen framleis eig og som stiftinga meiner høyrer naturleg til deira forvaltning, har og trong for etter måten store summar til vedlikehald for å oppgradere dei til dagens standard.

I tråd med ovannemnde finn styret for Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus heilt naturleg at stiftinga får overført vederlagsfritt omtala eigedomar i sjukehusområdet og Ofta-området i Lærdal. I alle fall vil dette vere naturleg vedk. dei bustadene stiftinga eig tomt (eigedomane Sjukehusvegen 19, 21 og Ofta 3 og 4)

For å få ei heilskapleg forvaltning og vedlikehald av den totale bustadmassen som naturleg høyrer til stiftinga ved sjukehuset, finn styret det rett å søke om overføring av heile omtala bustadmassen.

I den grad fylkeskommunen har trong for ytterlegare opplysningar eller utdjuping av sakstilfanget, ber ein om at dette vert meldt tilbake til styreleier eller dagleg leiar.

Framlegg til vedtak:

Styret for Bustadstiftinga søker fylkeskommunen om vederlagsfri overføring av eigedomane Sjukehusvegen 6, 11, 13, 19, 21, Ofta 3 og 4 i Lærdal.